

Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10. 2018

Fylkesordføraren svarte slik:

«I sak til Fylkesutvalet 21 juni (PS195/2018) vart det gjort vedtak om eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune om prosjektet Travel like the locals. Etter dette har også Rogaland gått inn i samarbeidet. Prosjektleiar er ikkje tilsett enno.

Målet er å gjere det enkelt å reise kollektivt som turist. Det består i å sy saman populære reiserute i området og gjere det enkelt å bestille billett, med ein billett for heile reisa.

For å få klargjort rundreiser med kollektivtransporttilbodet i Hordaland for sal, må det gjerast ein jobb for å identifisere ruter der ledig kapasitet tilseier at eit ekstra sal ikkje vil være til ulempe for lokale, studentar og pendlarar. Ein må også lage ein billett for heile rundreisa, som er basert på vanleg pris for kvar del av reisa, pluss ein provisjon til seljar. Destinasjonsselskapa i Hordaland har sagt seg villige til å ta på seg arbeidet med å identifisere rundturar som vil være særleg attraktive for turistane og lage produktpresentasjonar av turane. Arbeidet har ikkje starta enda så vi veit ikkje kva for ruter som blir vald ut, men det er naturleg at snøggbåten i Sunnhordland også blir vurdert.

For einskilde av avgangane med Sunnhordlandsbåten har det vore problem knytt til kapasiteten. Det inneberer at eit eventuelt tilbod med Travel like the locals må vere basert på plassreservasjon og knytast opp mot avgangar der det er ledig kapasitet.

Ei særskilt marknadsføring av Sunnhordlandsruta som del av Travel like the locals må også vurderast opp mot kapasitet på dei einskilde avgangane. Ei rein marknadsføring av ruta som eit reiselivsprodukt må ein sjå i samanheng med dette, og med kva aktørar som ønsker å nytte ruta som del av eit større reiselivsprodukt.»